

Syn meg Jesus.

Syn meg Jesu gjennomstungne hender.

Lat meg skoda på dei opne sår

Slik at bort frå syndi eg meg vender,  
og hans dødskraft hjartegrunnen rår.

Syn meg Jesu himmelreine føter,  
grusomt nagla til den harde kross.  
Slåk atsyndi sine sterke røter  
slitne vert av han som leid for oss.

Syn meg Jesu klungerkransa panna,  
og hans kjærleiksfyllte offerblod.  
Slik at eg mi tankesynd kan sanna  
for min klungerkrynte konge god.

Syn meg Jesu gjennomstungne sida,  
Kjærleiken til dei som kring han stod.  
Dette syn skal lindra all mi kvida.  
Løysa gåta som eg ei forstod.

Då eg ser mitt skuldbrev rive sunder.  
For min Frelsar her hev ordna alt.  
Glad eg ser på dette frelsens under :  
All mi syndeskuld er no betalt.

Johs.M.L.Rydland.